

**Notat**Dato: 30.06.2016  
Arkivsak: 2015/1426-10  
Saksbehandlar: bjomidt

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesordførar

---

**Tidsdifferensierte bompengar i fellesferien****Spørsmål i fylkesutvalet**

Representanten Silje Hjemdal (Frp) stilte følgjande spørsmål i møte i fylkesutvalet 23.6.2016:

«Det er en kjent sak at det i fellesferien er betraktelig mindre trafikk og at det ikke er kødannelse morgen og ettermiddag. Tidsdifferensierte bompenger ble innført mot Frp sine stemmer på bakgrunn av at man hadde til hensikt å få ned biltrafikken i de periodene på døgnet hvor det var fare for kødannelse. Ettersom det i fellesferien er betraktelig mindre biler på veien, er det antageligvis ikke behov for å kreve inn tidsdifferensierte bompenger i dette tidsrommet. Vil fylkesordføreren ta initiativ til å stoppe innkreving av tidsdifferensierte bompenger i fellesferien?»

**Svar frå fylkesordførar**

Tidsdifferensierte bompengar vart innført 1. februar 2016 etter vedtak i Stortinget 15.12.2015. I vedtak 313 samtykkjer Stortinget i at bompengeselskapet kan kreva inn bompengar til delvis bompengefinansiering av Bergensprogrammet i samsvar med vilkåra i St.propp.1 (2015-2016).

Bompengeordninga som er omtala i St.propp 1 (2015-2016) opnar ikkje opp for å differensiera bompengetakstane i høve til årstider og feriar. Om bompengeordninga skal endrast på ein slik måte , føreset det ny politisk handsaming i bystyret, fylkestinget og i Stortinget.

Ei slik endring kan koma i strid med heimelsgrunnlaget for bompengeordninga. Det er høve til å innføra tidsdifferensierte takster, så lenge hovudformålet er å fordela betalingsplikta på ein meir rettferdig måte og å lette finansieringa av prosjekt og tiltak. Hovudformålet med bompengar, også dei tidsdifferensierte, er finansiering. Veglova gir ikkje heimel til å innføra bompengar som trafikkregulerande verkemiddel. Visst hovudformålet med avgifta er trafikkregulering, må ordninga handsamast som vegprising (køprising) etter Vegtrafikklova. Det gjeld andre reglar for fordeling og bruk av inntekter frå ei køprisingsordning enn frå eit bompengesystem jfr. §6 i Forskrift om køprising. I arbeidet med ny bymiljøavtale, er det lagt til grunn vidareføring av ei bompengeordning i Bergen.

Det framgår ikkje av spørsmålet kva representanten meiner kan vera aktuelle takstar i fellesferien. Fylkesordføraren er opptatt av ikkje å svekka inntektsgrunnlaget for Bergensprogrammet. I St.propp 1 (2015-2016) er det føreset at dei tidsdifferensierte takstane er tilstrekkelege store nok til å ivareta bompengeselskapet sitt økonomiske ansvar. Om gjeldande tidsdifferensiering gjev svakare økonomi enn

lagt til grunn, vil forslag til reviderte takstar bli lagt fram for lokale styresmakter før Statens vegvesen Vegdirektoratet fattar nytt takstvedtak.

I St.propp.1 (2015-2016) framgår det at Samferdselsdepartementet legg opp til at ordninga skal evaluerast etter to år: *"Departementet legger til grunn at det skal gjøres en evaluering etter to år med tidsdifferensiering av takstsystemet av konsekvenser og virkninger av ordningen.*» Implisitt i dette, er det føresett at bompengordninga og takstsystemet ikkje vert endra i to-årsperioden.

Fylkesordføraren vil ikkje ta initiativ til å stoppa innkrevinga av tidsdifferensierte bompengar i fellesferien.